

Helse Vest RHF

Dykkar ref: Vår ref:

Sakshandsamar:
Ola Rye,

Bergen, 27.03.2017

Høyring – Helse 2035 Strategi for Helse Vest

Vi viser til brev frå Helse Vest RHF der Sjukehusapoteka Vest HF vert invitert til å kome med innspel til strategidokumentet Helse 2035 - Strategi for Helse Vest.

Sjukehusapoteka Vest har vore aktiv deltakar i arbeid med utforming av dokumentet Helse 2035 gjennom ulike fagsamlingar og regionale fora. Dokumentet har vore til handsaming i SAV si leiargruppe. Styra i føretaka på Vestlandet fekk presentert arbeid med strategien i styreseminar 3.-4. oktober 2016. Styret i Sjukehusapoteka Vest hadde Helse 2035 som tema på styreseminar i føretaket i mars i år. Helse 2035 har vore drøfta med dei tillitsvalde og vernetenesta i samsvar med Hovudavtalen og Arbeidsmiljølova.

Spesialisthelsetenesta på Vestlandet står framfor store utfordringar og det føreliggande strategidokumentet gjev etter Sjukehusapoteka Vest sitt syn god greie for desse utfordringane og peikar på sentrale overordna mål og tiltaksområder for å møte utfordringane.

For Sjukehusapotek Vest er strategidokumentet eit godt utgangspunkt for å kunne konkretisere mål og tiltaksområder for føretaket sin eigen strategi. Sjukehusapoteka Vest ynskjer å være ein tydeleg aktør i å skape pasienten si helseteneste. Sjukehusapoteka er spesialisthelsetenesta sitt apotektilbod og kan være ei god støtte for sjukehusa i å sikre best mogeleg pasienttryggleik på legemiddelområdet, både i sjukehusa og i samhandling med primærhelsetenesta.

Sjukehusapoteka må vere ein viktig medspelar for sjukehusa i sikring av trygge legemiddelleveransar. Medarbeidarar ved Sjukehusapoteka kan gje råd til pasientar, legar og sjukepleiarar om rett legemiddelbruk, interaksjonar og biverknader og på den måten bidra til betre pasientforløp, reduserte kostnader og færre pasientskader. Sjukehusapoteka kan òg bidra i oppfølginga av Helse 2035 i føretaka som til dømes med planar for beredskap innan legemiddelområdet.

Sjukehusapoteka vil ha ei viktig rolle for å redusere unødvendige kostnader innan legemiddelområdet, ved å bidra i anbudsprosessar, sikre at billegaste preparat er tilgjengeleg og blir brukt, og gi styringsinformasjon til sjukehusa.

Utbreiing av multiresistente bakteriar er nemnt i dokumentet. Sjukehusapoteka har ei viktig rolle med å gi informasjon til sjukehusa om antibiotikabruk, og på den måten bidra til at bruken av breispektra antibiotika blir redusert i tråd med styringskrava.

Sjukehusapoteka sin kunnskap om logistikk kan kome sjukehusa til gode i oppfølging av planen og implementering av nye teknologiske løysningar som igjen kan betre pasienthandsaminga.

Sjuehusapoteka kan bidra til innføring av innovative løysingar og beste praksis for legemiddelkjeda og relaterte tenester, ikkje minst i samband med planlegging av nye sjukehus.

Best mogeleg helseteneste til pasientane krev god styring og samhandling mellom sjukehusapoteket og sjukehusføretaka, her under kva oppgåver og tenester frå sjukehusapoteka som best kan tene sjukehusa. Dette vil igjen gje retning for kva kapasitet og kompetanse sjukehusapotekføretaket skal ta sikte på å ha i åra som kjem. I dette arbeidet ser Sjukehusapoteka Vest at det vil være nyttig å lage ein fagplan på legemiddelområdet som kan bidra til å konkretiserer næmare mål og satsingar innan dette fagfeltet i Helse Vest.

Det vert i åra som kjem innført nye system for kurve og legemiddel samt nye system for støtte til legemiddelkjeda. Nye system tilseier endring i arbeidsprosessar og oppgåver. Samarbeidet mellom fagområda og føretak må vurderast i lys av dette. Nye system vil og auke mogelegheita for å realiserer meir bruk av eindose-legemiddel og prosessar for lukka legemiddelsløyfe som kan gje eit løft for pasienttryggleik og effektivitet innan legemiddelområdet.

Støtteselskapa si rolle er omtalt kort til sist i dokumentet (sitat); *Støttetenestene er ein av pilarane i helseføretaka. Dei bidreg med elementære funksjonar for verksemda og er ein drivar i utviklinga av helsetenestene. Regionale og nasjonale føretak som leverer støttetenester, spelar derfor ei nøkkelrolle i gjennomføringa av strategien.*

Det er viktig å få fram at optimalisering av pasientbehandling skal vere det som ligg til grunn for utvikling av støtteselskapa. Støtteselskapa si rolle er å yte tenester til kjerneverksemda. Vi kan tenkje oss å føreslå at dokumentet peiker litt tydelegare på kva tenester/funksjonar som inngår som støtte til sjukehusa.

Sjukehusapoteka er ein del av spesialisthelsetenesta. På side 12 i dokumentet er dei ulike tenestene innan spesialisthelsetenesta framstilt i figur 7. I denne figuren er spesialisthelsetenesta avgrensa til ikkje å inkludere apotek. Vi kan difor tenkje oss å føreslå at dette vert endra i framstillinga.

Det er elles vår vurdering at avsnitta om leiing, medarbeidarskap og organisering gjev ei god framstilling av mål og tiltaksområder som vil være sentrale for utvikling av den endrings- og læringskultur som må utviklast i helsetenestene i åra som kjem.

Sjukehusapoteka Vest har starta arbeidet med oppdatering av eigen strategi med mål om at den er vedteken innan utgangen av 2017. I dette arbeidet vil Helse 2035 verte lagt til grunn. Ein ynskjer god dialog med Helse Vest og Sjukehusføretaka om mål og tiltaksområder i dette arbeidet.

Venleg helsing

Ola Rye
Konstituert Administrerande direktør